

BERLEVÅG KOMMUNE
Torget 4
9980 BERLEVÅG

Dato: 30.05.2022
Dok.nr: 20/25183-23
Deres ref:
Saksbehandler: Bjarne Rohde

Finansiering av LOSA-tilbud

Eg viser til vedtak om finansiering av LOSA-tilbud frå kommunane Berlevåg, Båtsfjord, Lebesby og Måsøy, og viser samtidig til fylkesrådets vedtak i sak 31/22.

Kommunane sitt vedtak garanterer for kostnader for til saman kr 2.565.000 for skoleåret 2022/2023. Vidare varslar kommunane i vedtaket at dei vil sette fram eit refusjonskrav til Troms og Finnmark fylkeskommune med bakgrunn i at finansieringa av vidaregåande opplæringstilbod ikkje er ei kommunal oppgåve, men ei fylkeskommunal oppgåve.

I det opphavlege vedtaket om rullering av opplæringstilbod, fylkesrådssak 324/21, vart tilboda på LOSA begrensa til VG1 teknikk- og industrifag, og VG1 helse- og oppvekstfag som søkbare for skoleåret 2022/2023, mellom anna for å oppfylle fylkestingets krav om innsparingar i budsjett- og økonomiplanen for 2022-2025. Etter oppfordring frå mellom anna LOSA-kommunane, la fylkesrådet etter vedtak i sak 31/22 ut også VG1 naturbruk og VG1 elektro søkbare for skoleåret 2022/2023, med atterhald om finansiering. Fylkesrådet har søkt å oppfylle dei fylkeskommunale oppgåvene innanfor finansieringa som er tilgjengeleg, gjennom å begrense talet på tilbod som er lagt ut søkbare.

Fylkesrådet vil snarleg gjere vedtak i sak om justering av opplæringstilbodet for skoleåret 2022/2023, og vil varsle at eventuell oppstart av LOSA-tilboda VG1 naturbruk og/eller VG1 elektro, *ikkje* er ein førehandsaksept av eit eventuelt krav om refusjon.

Helsing

Bjarne Rohde
Fylkesråd for kunnskap og integrering

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Mottakere:
MÅSØY KOMMUNE
BÅTSFJORD KOMMUNE
LEBESBY KOMMUNE
BERLEVÅG KOMMUNE

